

Møteprotokoll

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad: E-post
Dato: 14.05.2018
Tidspunkt: 09:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Noralv Distad	Leiar	AUR
Olav Turvoll	Nestleiar	VIK
Jan Geir Solheim	Medlem	LÆR
Bjørg Djukastein	Medlem	VOSS
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SFFK
Iiril Schau Johansen	Medlem	HOFK

Merknader

Møtet vart gjennomført med svar på e-post.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær/forvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk godkjent av:

Noralv Distad Jan Geir Solheim

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 16/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 17/18	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 18/18	Nærøyfjorden landskapsvernområde - transport av stein med helikopter til Brekkestien		2014/1097

ST 16/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 14.05.2018

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 17/18 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 14.05.2018

Vedtak

Møteprotokoll 14.05.2018 er godkjent elektronisk av Noralv Distad og Jan Geir Solheim.

ST 18/18 Nærøyfjorden landskapsvernområde - transport av stein med helikopter til Brekkestien

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 14.05.2018

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Aurland kommune løyve til lågtflyging og landing med helikopter i samband med transport av stein til Brekkestien. Løyvet gjeld inntil 8 dagar i perioden frå og med 24. mai til og med 26. juni 2018.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Lågtflyging og landinga skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for frakt av stein til Brekkestien.
- Flygeruta er frå Haugen gard til Brekkestien.
- Helikopterflyging og landing skal ikkje føregå på søndagar av omsyn til friluftslivet.
- Flyginga skal meldast til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 970 97 720) seinast dagen før transporten startar.
- Det skal sendast rapport til sekretariatet for verneområdestyret innan 01.08.2018 om gjennomført transport.

Dette løyvet gjeld berre tilhøve etter verneforskrifta. Søkjar må ta kontakt med Aurland kommune med spørsmål om løyve etter lov om motorferdsel i utmark.